



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Erdal, Nina	Arkivkode: FE - 223, FA - A10
Arkivsaksnr: 11/95	Løpenr: 17/9939
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2017	040/2017

#### Kommunalt tilskot til private barnehagar 2018

Aadland gards- og friluftsbarnehage as

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket er gjort med heimel i ” Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ”.

Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2016 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2016.

Tilskotssats pr. heiltidsplass er for 2018 kr 196 610 for born under 3 år og kr 93 804 for born over 3 år. Den statlege satsen til kapitaltilskot er kr 9 200 pr heiltidsplass.

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2017 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2018.

Dei endelige satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

Den private barnehagen vil bli varsle om vedtekne satsar for 2018. Vedtaket følgjer reglane om einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd, bokstav b. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak.

#### Dokument som er vedlagt:

Tilskot 2018 privat barnehage rekneskap 2016

#### 16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**KS- 040/2017 Vedtak:**

Vedtaket er gjort med heimel i ” Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ”. Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2016 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2016.

Tilskotssats pr. heiltidsplass er for 2018 kr 196 610 for born under 3 år og kr 93 804 for born over 3 år. Den statlege satsen til kapitaltilskot er kr 9 200 pr heiltidsplass.

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2017 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2018.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

Den private barnehagen vil bli varsle om vedtekne satsar for 2018. Vedtaket følgjer reglane om einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd, bokstav b. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak.

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager

**Kva saka gjeld:**

Kommunalt tilskot til private barnehagar i 2018 skal bereknast med utgangspunkt i kommunen sin rekneskap i 2016. Det er ”Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager” som legg føring på korleis tilskotet skal bereknast. Utgangspunktet jfr § 3 er at driftstilskotet til den private barnehagen skal bereknast ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehagar. Dette er for å sikre at dei økonomiske rammevilkåra skal vera dei same for både private og kommunale barnehagar. Det skal vedtakast ein sats for born under 3 år (små born) og ein sats for born over 3 år (store born). I tillegg skal kommunen betala ut eit kapitaltilskot som vert fastsett av departementet. Dette er for 2018 kr 9 200 pr heiltidsplass. Alder på bygga til den private barnehagen avgjer storleiken på kapitaltilskotet.

Kommunen skal fatte vedtak om sats innan 31.oktober året før tilskotsåret. Det er etter avtale med den private barnehagen avgjort at vedtaket vert fatta i november for 2018. Vedtaket følgjer reglane om einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Forskrifta er detaljert, men det vil likevel vere noko tolking og skjønn som bestemmer kva som skal vera med i grunnlaget for berekning av tilskot. Utgangspunktet er at alle utgifter som kommunen brukar til ordinær barnehage skal vera med. Dette inkluderer og reinhald, utgifter til diverse vedlikehald og administrasjon.

Kommunen har utgifter til styrka barnehage (særskilt tilrettelegging) som ikkje skal vera med i berekninga. Denne utgifa vert ført på ein eigen funksjon (211). Det har dei siste åra vore større fokus på å føra lønsutgiftene på rett funksjon. Ved gjennomgang av rekneskapen for 2016 viser det seg at ein 60 % stilling knytt til styrka er ført på ordinær funksjon for

barnehage. Denne utgelta vert no trekt ut frå berekningsgrunnlaget. Jfr §3 er det gjennomsnittlege ordinære utgifter som skal vera med i berekningsgrunnlaget. Ordinære driftsutgifter knyter seg til dei utgiftene kommunen har til basistilbodet. Det som er knytt til styrka (særskilt tilrettelegging) går ut over det som er definert som basistilbod. Kommunen kan og trekke frå kommunen sine utgifter til barnehagemynde. Dette er berekna til ei 30 % stilling.

Vedlagt ligg rekneark som viser korleis tilskotet er berekna. Tala er henta direkte frå rekneskapen i 2016. Det er knytt noko skjønn/ vurdering til to av postane som er nemnt tidlegare og dette er i reknearket merka med grønt. Grunnlag for vurdering ligg på fane 5 og 6.

Alle satsar vert indeksjustert med deflatoren for 2017 og 2018 (forventa pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren). Deflator for 2018 vert endeleg vedtatt når statsbudsjettet vert vedtatt og kan bli endra. Frådrag for foreldrebetaling vert gjort ut i frå vedtatt statleg makspris på kr 2910 for barnehageplass for 2018. Tilskotet vert berekna i forhold til kor mange born over og under 3 år det var i den kommunale barnehagen i 2016. Aadland gards- og friluftsbarnehage får tilskot i 2018 basert på tal born pr 15.12.2017 (rapportering i BASIL - barnehagestatistikk).

Det har vore arbeidd mykje med budsjettet til barnehagen dei siste åra for å sikre at den har ei korrekt økonomisk ramme som er i samsvar med tal born i barnehagen. Ei utfordring har vore å ta den ned når tal born vert redusert. For 2018 er no satsane under dei statlege satsane noko som er eit teikn på at barnehagen driv effektivt.

	2016	Statleg 2016	2017	Statleg 2017	<b>2018</b>	Statleg 2018
Små born	195 152	196 200	200 688	199 800	<b>196 610</b>	209 200
Store born	94 282	94 700	96 960	96 300	<b>93 804</b>	100 600